



www.voss.kyrkja.no

Nr 2 | 2025 | 84. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



6 - 8

«VELKOMEN
HEIM»

13

MAGISK
TRYLLESHOW



DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hitt kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

FLEISCHER'S
HOTEL
ANNO
1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.
E-post: jv763@kyrkja.no

Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidebilete: Turid Skjerve Leksbø

Voss kyrkjelege fellesråd:

Fellesrådsleiar: Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Assisterande kyrkjeverje

Kjersti Vestheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

Kateket

Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog

Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar

Åshild Bøe Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon

Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar

Anja Slætten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist

Gohar Marandyam

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist

Frode Vik

Tlf 952 62 084.

Organist

Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

Organist

Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad

Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger

Kyrkjetenar på Voss

Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin

Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen

Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane

Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar

Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

Soknerådsleiarar:

Evanger og Bolstad:

Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss:

Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim:

Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje:

Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen:

Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin:

Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

Neste nummer kjem
i midten av september.
Frist for innlevering av stoff er
onsdag 27. august.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss

Arlid Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss

Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest

Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjecontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 09-15
(onsdag 12-15)

Telefontider: Måndag-fredag 10-14
Onsdag 12-14

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,
PB 49, 5701 Voss

Telefon: 56 52 38 80

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopplæringsstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på www.voss.kyrkja.no

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!

Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjemet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Svein Tøsse.



Her vert det liv!

Andakt av vikarprest Roar Strømme

Jula er både kjend og kjær. Påska er kjend, men ikkje kjær. Men pinsa er korkje kjend eller kjær. Slik er det blitt sagt. Det er såleis ei årleg øving i media å spørje folk på gata kvifor me feirar pinse. Svara er ofte meir underhaldande enn opplysande, som: «Det er til minne om at Jesus tok vårpussen på båten!»

Men nokre har fått med seg at det handlar om Den heilage ande. Mellom dei var ein liten kar i guteklubben som eg starta då eg tok til som prest i Lærdal. Då me ved pinsetid skulle ha sommaravslutning, la eg opp til at me skulle grille nede ved Lærdalselva. Som nyinnflytta var eg lukkeleg uvitande om kor nidkjært dei som eigde lakserettane der passa på at ingen uvedkomande ferdast langs elva. Gutane sa ingen ting om dette. Men då me nærma oss elvebreidda vart dei stillare og stillare. Til slutt stogga dei, og den fremste ropte til meg: «Presten! No må du gå først, du som har Den heilage andel!»

Noko hadde han skjøna, og noko hadde han ikkje skjøna. Det han hadde skjøna var at Heilaganden er gjeven til tryggleik og vern, og til å leie og styrke oss på trusvegen. Så her hadde guttungen i Lærdal fått med seg noko vesentleg, når han ville mobilisere Den heilage ande når vegen vart utrygg.

Det han ikkje hadde fått meg seg var at Heilaganden ikkje er noko presteleig privilegium, men er gjeven til oss alle. For ved sin Ande skapte Gud



Foto: Åshild Bøe Kharazmi

liv i verda og bles livspust i mennesket. Og ved sin Ande har han halde oppe og fornya livet så lenge det har vore liv i verda. Ja, jamvel før Jesus kom gav Anden inspirasjon til menneske, slik at dei kunne gjere Guds gjerning i verda.

Men dette nådde eit heilt nytt nivå i pinsen. Då fell Anden over dei som samlar seg om Jesus, og skaper tru og liv, på eit vis som ingen hadde sett før. Det har han gjort sidan. Slik inneber pinsen ei ny tid, då Gud bles åndeleg liv i oss, og held oss oppe og fornyar oss frå dag til dag.

Det gjer han ved å drage oss til Jesus. Slik kallar Jesus han Talsmannen. Ja, «han skal ta av mitt og forkynne for dykk» seier Jesus om Heilaganden. Slik er ikkje Anden noko svevande greier, som i beste fall dei som har åndelege antennar kan få kontakt med. Det er Jesus som gjev oss Anden, og det gjer han til alle som kjem til han. Då vi vart døypt i Jesu namn lydde det såleis: «Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande.» Slik har me fått med oss ein hjelpar i livet, så me slepp å baske med livet og trua på eiga hand.

Slik er det god grunn til å feire pinse på kyrkjeleg vis. Her er me ved sjølve livskjelda. Like avhengige som vi er av andedraget i vårt fysiske liv, er vi av at Anden sitt drag i vårt åndelege liv. Utan Ande inkje liv. Men der Anden er, er det liv å hente. Til tru, tilbeding og teneste.

God pinse!

Kva er pinsa?

Pinsa er høgtida som markerer at Den heilage ande vart send til læresveinane, og som viser at kyrkja skal vera verdsvid.

Tekst: Jorunn Våle Tonckens

Foto: Lars Verket

Kort om pinse

- Sjølve ordet «pinse» kjem frå det greske ordet «pentekoste» som betyr den femtiande. Pinse blir feira 50 dagar etter 1. påskedag og ti dagar etter Kristi himmelfartsdag.
- Pinsa er høgtida som markerer at Den heilage ande vart send til læresveinane, og som viser at kyrkja skal vera verdsvid.
- Opphavleg var pinsa ein jødisk fest som markerte avslutninga på påska og at Moses fekk dei ti bod på Sinai.

Kva står det i Bibelen om pinse? Og kviforkallast det fødselsdagen til kyrkja?

Det nye testamentet i Bibelen fortel at Jesus stod opp frå dei døde, og var saman med læresveinane ei tid. Men så forlét han dei og før opp til himmelen. Læresveinane var rådvilje og visste ikkje kva dei skulle gjera. Nokre dagar seinare var dei samla for å feira den jødiske pinsefesten. Då kom Den heilage ande til dei, og dei vart i stand til å forstå og tala alle moglege språk.

I Bibelen si forteljing om pinsa les me at folk opplevde Den heilage ande som eld: *Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av wDen heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna (Apg 2,3-4).*

Etter at dette hadde skjedd gjekk læresveinane ut i verda for å forkynna bodskapen om at Kristus var stått opp



Pinsesalme

Tekst: N. F. S. Grundtvig, 1853

Kjærighet er lysets kilde,
kjærighet er livets rot.
Derfor er Guds råd så milde,
derfor er Guds Ånd så god.
Jesus har den selv forklaret,
Ånden har den åpenbaret,
den kan kjennes i Guds fred
og det håp vi trøstes ved.

Kjærighet er livets krone,
kjærighet er lysets glans.
Derfor sitter på Guds trone
Jesus nå med strålekrans,
han som lyset er og livet,
har for oss seg selv hengivet,
han forblir og lever ved
Guds, sin Faders kjærighet.

Kjærighet er lovens fylde
og fullkommenhetens bånd,
den er hva vår Gud vi skylder,
den er frukten av hans Ånd.
Derfor med Guds-kjærigheten
vokser opp om kapp Guds-freden.
Vi skal også bli ved den
ett med sjelens beste venn.

Kjelde: www.kirken.no
Vera Molland: Helg og høgtid

KONFIRMAN*

2026

Konfirmasjon i 2026

Skal du konfirmerast i 2026? Kjenner du ein ungdom som skal konfirmerast i 2026?

Konfirmant i Vangskyrkja, Raundalskyrkja eller Evanger kyrkje

Me har sendt ut brosjyre i posten til ungdomar fødde i 2011 og som er medlem i kyrkja. I brosjyren finn ein info om korleis konfirmantane melder seg på og kva grupper dei kan velgje mellom. Hovudpåmeldinga er før 15. juni.

Konfirmant på Vossestrand

Det vert infomøte i juni, før skuleslutt. Informasjon om dette finn de på nettsida vår og etter kvart på Facebooksida til Oppheim og Vinje sokneråd. Det vert òg send brev til ungdomane som er medlemer i kyrkja, fødde i 2011.

Konfirmant i Granvin kyrkje

I Granvin vert det informasjonsmøte til hausten. Ungdomar fødde i 2011 som me har adresse til, får brev med påmeldingsinformasjon før sommarferien.

På nettsida vår, www.voss.kyrkja.no, legg me ut informasjon om konfirmasjonspåmelding i dei ulike sokna fort-løpende.

Konfirmanthelg på Hermon



Aktivitet for konfirmantane på Hermon.



Alle som deltok på konfirmanthelga.

Siste helga i mars var konfirmantane på Vossestrand på konfirmantleir til Hermon.

Tekst og foto: Anja Kristin Slåtten

Dette er ein tradisjon dei har hatt i fleire år. Her er det blant anna ski-anlegg, basseng og koselege hytter.

Me fekk flotte dagar med god undervisning, song, andakt, leikar, konkurransar og bading. Tusen takk for kjekt

samvær og ein stor takk til foreldre som var med og bidrog til at me fekk ei trygg og god helg.

«Velkomen heim» til Voss



Tekst: Jorunn Våle Tonckens

I veka etter påske vitja eit team frå organisasjonen «Velkomen heim» Prestegardslandet. I bagasjen hadde dei både eit stort telt, hoppeslott og mange andre aktivitetar.

Tysdag stod reising av teltet på programmet. «Velkomen heim»-teamet leia arbeidet, og mange friviljuge vossingar hjelpte til.

Onsdag var det Supertydags som flytta ut av Vonheim og inn i teltet. Samlinga starta med middag, og borna fekk høve til å prøva både hoppeslott og andre aktivitetar.

Torsdagen var det ungdomane sin tur. KRIK, Salt Ung og Refleks Ten Sing laga til ein kjekk ungdomskveld med Open Scene, aktivitetar og pizza.

Fredagen hadde Fredagsklubben i Nain ei flott samling for Tweens. Også her var det mange unge som kosa seg i teltet.


Laurdag og sundag var dei best be-

søkte dagane. Her kunne folk bli med på det dei ville. Nokre kom for ein matbit, nokre for leik i hoppeslotta og nokre var med inn i teltet på familieførestillingane. Utanfor teltet var det mogleg å prøva m.a. hoppeslott, sklie, bruskassebygging, fotballdart, sumobryting og ansiktsmåling. Inni teltet vart det halde tre familieførestillingar med leik, konkurranser, song, drama og forkynning med vekt på Guds kjærleik for oss gjennom Kristus. Sidan det var meldt regn sundag ettermiddag, gjekk den siste førestillinga ut. I staden måtte hoppeslotta og resten av utstyret pakka ned for å unngå at det vart vått før det skulle fraktast vidare.

«Velkomen heim» samarbeider med lokale kyrkjelydar og kristne grupper for at nye familiarier skal



Bruskassestabling. Foto: Arne Mosefinn



Bibeldrama.

Foto: Åshild Bøe Kharazmi



Ansiktsmåling.

Foto: Arne Mosefinn



Familieførestilling i teltet.

Foto: Turid Skjerve Leksbø



Konkurranse.

Foto: Arne Mosefinn



Sumobryting.

Foto: Arne Mosefinn

>>>

<<<

få oppleva Jesus på sin heimstad gjennom kreative familieførestillingar med eit kristent innhald.

Lokalt på Voss samarbeidde mange frivillige frå Den norske kyrkja, Salt, Frelsesarmeens Nainkyrkja og Voss KFUK-KFUM gjennom heile veka. Oppgåvene var m.a. reising og pakking av telt og hoppeleiker, vakter ved dei ulike aktivitetane, matservering, baking av kaker, administrering og førebuing av arrangementet. Tusen takk til alle som på ulike måtar har vore med og gjort dette mogleg!

Mange kosar seg med aktivitetar i det fine været. Foto: Turid Skjerve Leksbø



**Dette var ei stor satsing for Voss sokn, også økonomisk.
Om du ynskjer å vere med og spleise på kostnadene ved å arrangera
«Velkommen heim», kan du gje ei gåve til Voss sokn:
Kontonummer: 3480 30 84647 (Vipps: 127376). Takk for di gåve.**

Ord til ettertanke



Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik

Fasteaksjon Evanger og Bolstad

Tekst og foto: Anny Forthun

Konfirmantane gjekk rundt med innsamlingsbøsser. Foreldre til konfirmantane hadde pynta bordet og laga god mat som alle fekk då me hadde gått innsamlingsrundane våre. Det smaka godt.



Pubgudsteneste

Tekst og foto: Anny Forthun

Pub-gudstjeneste i Rongahuset på Evanger. 40 møtte til ei fin stund der tema var: Kva er det med påska?



Bolstadøyri sundagsskule

Tekst og foto:
Anny Forthun

Bilete frå sundagsskulen si samling før påske med bibelforteling, påskeaktivitetar, song og måltid.



Bolstadøyri sundagsskule er open for alle i soknet.



Nora Bjørgo Mykkeltvedt (bilete t.v.) fortel bibelforteljinga om palmesundag. Kirkens Nødhjelp si regnbogebøn vart lesen og dei 7 ljosa vart tende.
På biletet t.h. driv dei med påskeaktivitetar.



Bolstadøyri bedehus



Bolstadøyri bedehus har fått ny kledning og er nymåla.

Foto: Anny Forthun

Misjonsprosjektet

Tekst: Anja Kristin Slåtten

Misjonsprosjektet som Fredagsklubben på Vossestrand støttar heiter 4P («Four People») og er ein norsk/filippinsk organisasjon basert på kristne verdiar.

Visjonen deira er: «Finn dei, hjelpe dei, og styrk dei til ei betre framtid.»

Bjørg og Ingar Åkerlund frå Bergen driv eit omfattande arbeid i slummen og byggjer bl.a. barneheimar. Dottera deira, Ann Kristin Åkerlund, har vore på besøk hjå oss i Fredagsklubben og vist film og bilete frå slumstrøka og arbeidet dei gjer der.

Ca. 2 gonger i året hentar Ann Kristin alt borna har levert på Fredagsklubben, og reiser sjølv ned og levera det. Me er så takksame for at me i Fredagsklubben får bidra i dette prosjektet.

Har du lyst å støtte oppbygginga av barneheimar på Filippinene kan du vippse Oppheim soknestråd: 832824 og merk med «Barneheimar 4P» Tusen takk.



Over: Ann Kristin Åkerlund med nokre av borna på Filippinenen.

Til høgre: Sko som Fredagsklubben har samla inn til prosjektet.



Bygdekvinnelaget besøkjer Fredagsklubben

Tekst: Anja Kristin Slåtten

Foto: Anja Kristin Slåtten og Margunn Hylland

Fredag 9. mai var Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag på besøk i Fredagsklubben.

Der fekk 25 born/ungdom tilbod om å sy ulike produkter. Nokon hadde sydd før, medan for nokon var dette første gongen.

Me takkar Bygdekvinnelaget for ei superflott stund!



Kjekt då Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag besøkte Fredagsklubben i mai.



Fasteaksjonen Vinje og Oppheim sokn

Tekst og foto: Anja Kristin Slåtten

Tusen takk til alle konfirmantar, foreldre og sokneråd for innsamling til Kirkens Nödhjelp, baking av kaker og pizza og for hjelp til oppteljinga i etterkant. Flott innsats!

Og tusen takk til alle som var med å gje ei gåve til Fasteaksjonen 2025.



Langfredag i Raundalen



Gudsteneste på Brekkestølen langfredag.

Tekst: Nanna Nordahl
Foto: Morten Vangen

Langfredag inviterte Raundalen sokneråd som vanleg til påskeandakt på Brekkestølane. Snøforholda var ikkje som vanleg. På Brekkestølen var det bart nedanför dei gamle sela og elva var open. Me har heldigvis ein reservestad på den andre sida av elva. Der var det meir snø, og mellom trea på ein liten haug var det bart. Ein fin stad å halda til.

Me fekk heller ikkje skutertransport inn med ved og utstyr til kaffikokinga. Det var bart på veg opp, og alle skuterane sto nede. Alt vart bore inn, bortsett frå vatnet. Det fann me i ei open gro like ved.

Det var Arild Hellesøy som stod for andakten. Han både opna og avslutta med flott trompetsolo. Gitaren var også med inn, den vart brukt til akkompagnement til salmane. Den «raude tråden» var påska sine heilagdagar, frå palmesundag til første påskedag. Med tekst, dikt og salmartilpassa dagane. Etter andakten var det tid for kaffi og saft, kringle og kjeks.


Det var omlag 50 deltagarar som hygde seg i det fine været. Nokon fortsette innover på tur, andre drog ned igjen.



Barnas

36 • 1

35 • _____ • 2



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



KRYSSTORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

1.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	2.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>
Mann i Lukas 5,27	3.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	Dyr i Johannes openberring 4,7
Dei som skapar fred i Matteus 5,9	4.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4
Landområde i Apsotelgjerningane 21,2	5.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	Landområde i Johannes 4,4
Himmelretning i Matteus 8,11	6.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	
Gåve i Matteus 2,11	7.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	
8.	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>		


Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng brillar.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar


Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Sondagsskolen – mer enn du tror

Magisk trylleshow

Laurdag 5. april var det klart for eit magisk trylleshow med tryllekunstnaren Ruben Gazki.



Alle fylgjer nøye med for å læra seg eit triks eller to.



Lurt å merkja kortet slik at tryllekunstnaren ikkje kan juksa...



Abrakadabra. Kvar vart det av kortet?

Tekst og foto: Åshild Bøe Kharazmi

7-, 8- og 9-åringane i Granvin, Vinje og på Voss var spesielt inviterte til showet, men sysken og foreldre var også hjarteleg velkomne.

Dagen byrja i Granvin kyrkje, i strålande vårvær og med eit godt oppmøte av ivrige trylleentusiastar. Turen gjekk så vidare til Vossestrand der dei også viste stort engasjement for trylleshowet og hjelpte også her Gazki etter beste evne. Saman med tryllinga fortalte han om at Jesus metta 5000 med to fiskar og fem brød, det var jo og heilt magisk då det skjedde for eit par tusen år sidan.

Siste show vart i Vangskyrkja, der det

og var eit svært godt oppmøte av små tryllekunstnarar. Nokon hadde til og med teke med eigen tryllestav, i tilfelle det skulle verta bruk for det.

Det var både skummelt, litt ekkelt og veldig moro, syntest ungane då showet var ferdig. «Det var ekkelt då han drog ut syträden av auga!» seier ei jente. «Eg synes det var kjekkast då han sjonglerte med sablane» seier ein annan. Nokon stilte seg til og med i kø for å få autografen til Gazki på armen etterpå! Ein ting er sikkert, det er nok fleire som kjem til å øva heime for å verta minst like god tryllekunstnar som han.



Autograf må til etter showet.

Kirkens bymisjon – rom for alle



Kirkens Bymisjon er ein open og inkluderande ideell organisasjon som arbeider i byar over heile Noreg, blant menneske som strevar på ulike måtar. Vår visjon er at alle menneske erfarer respekt, rettferd og omsorg.

Tekst: Trine Teigen Rekve

Kirkens Bymisjon på Voss starta i 2019.

IJobb var det første tiltaket som starta på Vosseterynskje frå kommunen. Det er eit lågterskel jobbtilbod for personar med utfordringar i forhold til rus, og er med å bidra til kjensle av fellesskap i gruppe og tilhøyrsel i samfunnet. Dei er ute og jobbar med hagearbeid, produksjon av ved, transporterar boss til Bjørko m.m., etter førespurnadar frå privatpersonar i heradet.

Det andre tiltaket som vart oppretta var **Skattkammeret**, som er ein utlåns-sentral der ein kan låne utstyr som sykkel, telt, ski, friluftsutstyr m.m. Tilboden er gratis og erfor alle. Visjonen er at alle born og unge skal ha høve til ein aktiv kvardag.

UngiJobb er eit lågterskel og tilrettelagt aktivitets- og arbeidstilbod for unge vaksne med fokus på meistringstru, livsmeistring og tilhøyrse.

Hengeplass er eit tilbod etter skuletid for ungdom og tilbyr ein stad å vere, eit måltid, ein stad å gjere lekser og bygge relasjoner.

Alternativ skule er eit tilbod for ungdomsskuleelevar som treng eit



alternativ til ordinært skuleopplegg. Gjennom praktisk arbeid på verkstad bygger ein tillit og meistring.

Home-Start er det nyaste tiltaket som er drifta av Kirkens Bymisjon. Det er eit lågterskelttilbod for småbarnsfamiliar og er meint for å førebygga stress og belastningar i ein krevjande småbarnsperiode. Hjelpa vert gjeven av ein frivillig (familiekontakt) som besøkjer familien 2-4 timer i veka over ein periode på eit halvt år. For å bli familiekontakt må eit ta kontakt med Home-Start i sin aktuelle kommune, ein må gjennom eit førebuingeskurs, leve po-litiat-test og signere tausheitserklæring. Til no er det 7 som har gjennomført kurs og 6 av dei er i gang med å besøkja familiene som sjølv har bedt om hjelp frå Home-Start. Tilbakemeldingane frå familiene er utelukkande positive. Familiekontaktane bidrar med avlastning, praktisk hjelp, støtte i foreldre-rolla osv. Ved å gje av si tid, omsorg og erfaring, bidrar familiekontaktane til å gjere tida i småbarnsperioden litt lettare.

Familiekontaktane seier det gjev dei mykje å sjå at dei er til hjelp for familiene. Det å kunne bidra til at familiene kan få eit pusterom i kvar-dagen kan bety den store forskjellen.

«*Me har blitt så glad i vår «bonustante», at eg gruer meg til dei seks månade er gått*», sa ei mor etter berre eit par veker med besøk frå familie-kontakten.

«*Eg kan gå å handle på butikken og bruke 20 minutt i staden for to timer*» sa ei anna mor.

«*Førebuingskurset var veldig kjekt. Me blei kjent med kvarandre og ikkje minst oss sjølv, og var førebudde på kva me kunne møta i familiene me skulle besøkje*», seier ein familie-kontakt.

Er dette noko som kunne høyrist interessant ut for deg? Hardu tid og overskot til ein småbarnsfamilie i ein krevjande periode av livet? Ta kontakt med koordinatør Trine for ein uforpliktande prat.



Home-Start
Voss

KONTAKTINFO:

Telefon: 56 98 80 00 / 95 96 01 02

E-post: trine.teigen.rekve@bymisjon.no

Seniortreff i Vonheim



Mange frammøtte til seniortreff i Vonheim.

Ei fast nemnd på 14 frivillige, saman med diakon Sigrid Djukastein Mala, syter for at Voss sokn kan invitera til seniortreff i Vonheim ein gong i månaden.

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

Tysdag 6. mai var om lag 90 personar møtt fram til seniortreff i Vonheim, noko som syner at desse treffa er populære. Dei frivillige i nemnda hadde alt vore i sving ei stund, så borda var dekka og maten stod klar på kjøkkenet. Dersom nokon treng skyss til treffa, har nemnda også skysskarar som stiller opp.

Frå eit musikarliv

Hovudprogrammet på dette treffet var ved tidlegare kantor Lars Ragnvaldsen. Han fortalte engasjerande og levande om sitt musikarliv frå oppveksten og fram til i dag. Som pensjonist er han framleis aktiv som dirigent for Dale mannskor (som han har dirigert i 55 år!) og det årlege prosjekt-koret saman med Fossegrimen. Som den gode formidlar han er, fekk han fram latteren hjå oss frammøtte mange gonger. At det er mykje humor i kyrkja fekk me også gode døme på.

Med Lars bak pianoet vart det sjølv sagt mykje allsong, og me fekk klar beskjed om at han ikkje ville ha noko «lutefisk-synging» (utydeleg song). Med ein slik intro var det berre å ta i når songen starta. «Det er så kjekt å syngja», seier ei dame til den ho sit ved sida av, «eg vert lettare til sinns av det». Dei frammøtte klappar til og med etter allsongane, og er ikkje vanskelege å be når nye songar skal leitast fram i songboka. Lars gledde oss også med fleire solosongar.

God tid til mat og prat

Kva høver vel betre enn dravle, loff med fårepølse og heimelaga kringle på menyen til eit treff i mai. Maten fall tydeleg i smak og praten gjekk lett rundt borda. Me treng slike stader der me kan samlast, vera ein del av eit fellesskap og få felles opplevelingar. Det var imponerande å sjå kor flinke og effektive dei frivillige var, og kor godt dei arbeidde saman.

Tidlegare sokneprest på Vossestrand, John Ove Thaule, snakka i andakten sin om at salmane hjelper oss å setja ord på den kristne trua.

Blomane som pynta borda, vart trekte på loddha me fekk utdelt då me kom. Fleire heldig vinnarar kunne difor reisa heim med ein fin margeritt. Samlinga vart avslutta med fedrelandssalmen. På veg ut kunne ein høyra nøgde damer og menn, og mange av dei vil nok finna vegen tilbake til Vonheim 17. juni.



Lars Ragnvaldsen i kjend positur.
Foto: Sigrid Djukastein Mala

Ei stor takk til alle i nemnda som står på for å skapa ein god møteplass for seniorar!

P.S. Om ein ikkje har nådd pensjonistalderen enno, vert ein ikkje stoppa i døra...



Ein del av dei frivillige som arrangerer seniortreffa.



Illustrasjon: Kirsten M. B. S. Finch

1 av 5 handleposar med mat vi kjøper går rett i søpla.

85 kilo mat som kan etast vert kasta pr. nordmann årleg.

10 mrd. kroner i året betalar vi til matbransjen for å selja oss meir mat enn vi et.

505 000 fossilbilar har klimautslepp som svarar til matkastinga vår i Norge.

Matsvinn

Maten vår kan føra til høge klimagassutslepp, naturøydeleggingar, bruk av miljøgiftige kjemikaliar og mykje meir.

Tekst: Arne Mosefinn

Store klimagassutslepp

Matproduksjon er ressurskrevjande og gjev store utslepp av klimagassar. Mat som vert kasta i Noreg gjev utslepp som svarar til 1,3 million tonn CO₂ i året. Globalt står matsvinnet for 10 prosent av klimagassutsleppa. Å redusera matsvinnet er eit enkelt og effektivt tiltak for å avgrensa den farlege oppvarminga av planeten.

Mange miljøutfordringar

Matproduksjon kan føra til avskoging og tap av leveområde for trua artar over heile verda, vassdrag og natur kan verta forureina av syntetiske sprøytegifter, industrielle monokulturar kan føra til utarming av jordsmonnet og gje meir erosjon, og maten krev transport og bearbeiding i mange ledd. Å utnytta maten best mogeleg er difor viktig for å avgrensa naturskadane produksjonen fører til.

Lite solidarisk og kostbar sløsing

Matsvinnet i berre Noreg kunne metta 1 million menneske, og det i ei verd der over 800 millionar menneske er underernært. Eit høgt matsvinn er sløsing av verdfulle ressursar og djupt uetisk. Det samla matsvinnet i Noreg var på over 454 000 tonn i 2020, med ein verdi på over 20 mrd. kroner. I snitt kastar norske hushald mat som kan etast for rundt 10 000 kroner i året.

Slik reduserer du matsvinnet heime:



KJØP INN RETT MENGE MAT

- Bruk ei handleliste når du går i butikken, og aller helst ha ein vekeplan. Dette gjer det mindre truleg at du endar med å kjøpa for mykje eller ting som ikkje passar saman.
- Ha oversikt over kva du alt har heime, slik at du ikkje kjøper meir enn det du treng.
- Tenk gjennom om det er best å kjøpa store pakningar eller å kjøpa ting på 3 for 2-tilbod eller andre kvantumsrabattar. Desse varene har som oftast billigare kilopris, men om du ikkje trur du når å eta alt før det blir dårleg, er dei pengane bortkasta. Det er verdt å tenkja seg om ein ekstra gong.

OPPBEVAR MATEN PÅ BEST MOGELEG MÅTE

- Legg måltidsrestar i tette boksar, og så inn i kjøleskapet. Her er det to filosofiar: Enten legg ein alle måltidsrestane blanda i ein boks, så blir det lett å ta med til lunsj dagen etter. Eller legg t.d. ris, dampa grønsaker og fisk i separate boksar etter middagen, så blir det lettare og meir freistande å laga nye rettar som brukar deler av restane utan at alt er blanda saman.
- Bruk frysaren aktivt. Hugs at du også kan frysa ned ting som har vore i kjøleskapet, men som du ikkje trur du når å eta opp i tide.
- Set kjøleskapet til 4 grader eller lågare, og frysaren til minst -18 grader. Då held ting seg lengst.

BRUK OPP DET DU HAR KJØPT INN

- Det er fort gjort å tenkja at du må kasta ei matvare viss den ikkje kan brukast til det du først tenkte; om tomatane har blitt for skrukkete til salaten, gulrotta er blitt slapp, brødet tørt eller bananen brun. Men då finst det gode triks: Gamle tomatar er gode i saus, gulrøter blir sprø igjen av eit isbad, tørt brød kan bli mjukt igjen innpakka i eit vått kjøkkenhandkle i omnen eller mikrobølgeomnen, og brune bananar er gode i bananbrød eller som nicecream.
- Bli flink på resteoppskrifter og å setja saman det du har til god mat. Her finst det både bøker og nettsider som har gode råd.
- Bruk sansane for å vurdera om matvarer er trygge å eta. Når det står «best før» og ikkje «siste forbruksdag» kan du bruke sansane til sjølv å vurdera om maten verkar trygg å eta. For nokre matvarer finst det triks, som at egg sokk i vatn når dei kan etast. Men for andre varer som mjølk kan det vera lurt å øva seg på å lukta på den mens du veit den er god, slik at du har eit grunnlag for å vurdera om den har endra seg og ikkje lenger er god.

MISJON



Læring for å forstå livet rundt seg

Ved læring vert forståinga av oss sjølv, familien vår og samfunnet rundt oss styrka.

Tekst: Britt Hernes

Foto: SIL Media Team

Korleis då hjelpe kvinner som kjenner seg isolert frå sin eigen familie og sitt eige lokalsamfunn av di dei er analfabetar. Tre kvinner i Benishangul-Gumus regionen fekk delta på eit lese- og skrivekurs i regi av NMS. Livet deira vart på mange måtar endra etter det.

Hagige Mehemed fortel at ho sleit med å skriva namnet sitt og forstå tal. Når ho tok med løk på marknaden, var ho usikker på kor mykje sekken vog. Etter kurset kunne ho merka sekken med både vekt og namn. Ho erfarte at å læra er ein del av livet og å forstå verda kring seg betre.

Musema Ibrahim fortel at ho ikkje kunne bokstavar eller tasta tal på telefonen. Etter lese- og skrivekurset kunne ho skriva og ringja til kven ho ville på mobiltelefonen sin. På den måten kjende høsegemeirsjølvstendig. Familien opplevde at arbeidet på garden deira også gjekk betre. Dei planta banantrær og var meir på passelege med dyrkinga. Musema var svært takksam for støtta og oppmuntringa ho hadde fått.

Athaja Ibrahim. Ho kjenner at det å læra er som å vakna til live. Det er som å finna seg sjølv, seier ho. Ho ser verdien av å senda borna på



Kvinnene er ivrige etter å læra seg dei grunnleggjande ferdighetene.



Prosjektbesøk frå SIL-teamet (SIL er ein organisasjon som NMS samarbeider med).

skulen og no kan ho hjelpa dei med leksene. Jordbruket er også blitt betre. Tidlegare strødde ho kornet tilfeldig rundt. No har ho lært å så i rett linje med oppmålte mellomrom. Innhaustinga er blitt betre både i mengde og kvalitet.

Det som dei tre kvinnene fortel, viser at det er mogeleg å forbetra livs-

kvaliteten og sjølvkjensla til kvinnene i Benishangul-Gumus regionen. At dei også kan hjelpa borna sine med utdanninga, gjev eit godt samhald dei imellom. NMS og samarbeidsorganisasjonane deira vert oppmuntra til å fortsetja dette viktige arbeidet når dei ser slike konkrete endringar. Trua på at «Saman kan me forandra verda» vert styrka.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt arbeid i Etiopia.

<p>Din rørleggjar i sentrum</p>  <p>comfort</p> <p>Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p><small>* GODT JENT FOR LITEN BUD*</small></p>	 <p>vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>	 <p>KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>
 <p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>norli</p> <p>Norli Vossevangen Vangsgata 27, 2700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p>STEIN & MERKE</p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar -</p> <p>Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor</p>	 <p>UINJO</p>
<p>Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAVFERD </p> <p>Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no</p>	 <p>Voss Energi -rein vossakraft!</p>	 <p>VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK</p> <p>post@vossabanken.no 56520300</p>
 <p>Voss Møbel & Trevareverkstad AS Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p> <p>Tlf. 56 52 10 10 www.vmt.no</p>	<p><i>Di annonse her?</i></p> <p>Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no</p>	



**TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?**



Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

**Hjelp barn i
hjem med rus**

90.000 barn i Norge vokser opp
i hjem med rus. Med din støtte kan
vi hjelpe flere familier som strever!



Gi din gave
på **Vipps 936679**



Snart kan du få skattefrådrag ved betaling med VIPPS i Vangskyrkja



Voss sokn er i ferd med å inngå avtale med VIPPS om at offer som vert gjeve i Vangskyrkja kan gje rett til skattefrådrag på same måte som når du gjev gåver til ein organisasjon. Storleiken på gåvene må vera minst kr 500 pr. år – og totalt beløp som gjev rett til skattefrådrag er kr 25 000.

Denne ordninga gjeld VIPPS-nummer 127376 Vangskyrkja og 505877 Misjonsprosjektet.

Ordninga gjeld sjølv om offeret går til ein organisasjon.

Når du tek fram VIPPS-appen, vel VIPPS-nummer og legg inn beløp, får du spørsmål om du vil ha skattefrådrag. Dersom du bekreftar dette, må du gje VIPPS tilgang til å bruka fødselsnummeret ditt. Vi har gjort avtale med eit firma som rapporterer slike gåver til skatteetaten.

Treng me Kyrkjenytt i papir?

Kyrkjenytt er no inne i sin 84. årgang. I år kjem bladet ut med fire nummer.

Det kostar mykje å setja opp, trykkja og senda ut bladet til alle husstandar i Voss herad. I sist nummer trykte me ein giro der me oppmoda lesarane til å betala bladpengar for 2025 på kr 300.

Hjarteleg takk til alle dykk som brukte giroen!

Dersom du ikkje har betalt bladpengar enno, eller ynskjer å gje ei gåve til Kyrkjenytt-arbeidet, kan giroen nedanfor brukast. Kyrkjenytt har også fått sitt eige vippesnummer som kan nyttast: 568391.

All økonomisk støtte, uansett storleik, vil vera med på å gjera oss i stand til å halda fram med utgjeving av Kyrkjenytt i papirform. Tusen takk til deg som vil støtta dette arbeidet!



VIPPSNUMMER Kyrkjenytt for Vossabygdene: 568391

Kvittering

Innbetal til konto

3480 16 45293

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6061156845

Betalingsinformasjon

Faktura 9081
Dato: 10.03.2025

GIRO

Underskrift ved girering

Betalingsfrist

Betalt av

Mottakarar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrklege fellesråd
Postboks 49
5701 Voss

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

20039090814

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

< 3480 16 45293 >

<6061156845>



Tilbod om samtale og sjelesorg

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt.

Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:
Sigrid D. Mala ☎ 47849134 ✉ sm435@kyrkja.no
Anja K. Slåtten ☎ 41704958 ✉ as257@kyrkja.no



øver i Vangskyrkja onsdagar kl. 17.30-18.30.

Alle songglade born i alderen 4 år til og med 10 år
er velkomne!

Kontaktperson: Åshild Bøe Kharazmi, e-post:
ak649@kyrkja.no



Refleks Ten Sing

øver i Vonheim torsdagar
kl. 18.00-21.00.

Ungdom fra 13 til 20 år er hjarteleg velkomne!
Kontaktperson: Ingrid Tønnesen, tlf. 480 31 200.



RING 22 40 00 40

Kirkens SOS er den største døgnopne krisetenesta
i landet på telefon og nett.

Hos oss er det alltid nokon som tek imot samtalar,
kvar einaste dag, døgnet rundt,
også i feriar og høgtider.

Me ønskjer å fremja livsmot og håp for deg som er
i livskrise og som kjenner at livet utfordrar.

Me toler å høyra og har tid til å lytta.

<https://www.kirkens-sos.no/telefon>



MENTAL HELSE

Hjelpetelefonen

Telefonnummer:

116 123

116 123 er ei gratis og døgnopen telefonteneste
for alle som treng nokon å snakka med. Du kan
vera anonym og me har teieplikt.


Telefonen er open alle dagar, året rundt, også på
raude dagar. Me er her når alt anna er stengt.

VOK (Voss kantori)

øver i Vangskyrkja
onsdag kl. 19.00-20.30.



Kontaktperson: Gohar Marandyan,
e-post: gm282@kyrkja.no



Vinnar av påskekonkurransen!

Den heldige vinnaren av
konkurransen i sist
nummer vart
Olava Selland Geithung, 9 år.

Ho fann 14 påskekyllingar i bladet.
Premien er levert.

Kyrkjenytt gratulerer!

OPPSLAGSTAVLA



Sundagsskulen

Voss sundagsskule

14. september kl. 11.00 i Vangskyrkja
Kontaktperson: Turid Fjose. Tlf 414 18 326.

Bolstadøyri sundagsskule

Dataar for hausten kjem i neste nr.
Kontaktperson: Anny Karin Forthun.
Tlf 481 36 520.



SupertySDAG i Vonheim - for alle familiar!



Meir informasjon på Facebook-gruppa
«SupertySDAG i Vonheim - føresettgruppa»
Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf 947 93 477.

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

VELKOMEN TIL
4. - 6. klasse: 18 - 20
7. - 10. klasse: 20 - 22
MODUSRIT ARRANGEMENT
13. juni: Sommaravslutning

Kontaktpersonar:
Anja Slåtten 41704958 / Gro Samland 47907900

Sorggruppe

i Kyrkjeturnet måndagar

kl. 18.00-20.00:

- 16. juni
- 1. september

Kontaktpersonar:

Sigrid Djukastein Mala. Tlf 478 49 134.
Anja Kristin Slåtten. Tlf 417 04 958.



- DAGAR FRAMOVER

18. august:

T6 Skattejakt for seksåringar ved Vangskyrkja (Voss og Raundalen sokn).

20. august:

T6 Skattejakt for seksåringar ved Granvin kyrkje (Granvin sokn).

22. august:

T12/13 Miljøagentane for 12- og 13-åringar ved Oppheim kyrkje (Oppheim og Vinje sokn).

25. august:

T6 Skattejakt for seksåringar ved Evanger kyrkje (Evanger og Bolstad sokn)

26. august:

T1 Bybysong startar i Vangskyrkja for born frå Voss, Evanger og Bolstad, Raundalen og Granvin sokn.

27. august:

T6 Skattejakt for seksåringar ved Vinje kyrkje (Oppheim og Vinje sokn).

Kontaktperson:

Camilla Margareta Velsvik. Tlf 995 18 194.

T1
T2
T3
T4
T5
T6
T7
T8
T9
T10
T11
T12
T13
T14
T15
T16
T17

Bibel & Misjon



i Kyrkjeturnet onsdagar kl. 19.00-21.00

11. juni: Tur til Raundalskyrkja

10. september

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen.
Tlf 906 18 125.

Seniortreff

i Vonheim tysdagar

kl. 12.00-14.30

17.06. Friluftlivets år v/Bjarne Fosse

26.08. Dikt v/Hallbjørg Gjøstein

09.09. Ynskjekonsert v/Hagen og Underdal


Pris kr 150,-. Treng du skyss? Ring 478 49 134.



Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134.

Dåpskjolar til utlån

Kyrkjekontoret for Voss har tre nydelege dåpskjolar som me låner ut til dåpsseremoniar i kyrkja, for dei som ynskjer det og ikkje har kjole sjølv. Me har både rosa og blått band og fleire huer.



Tilbodet er gratis!

Dersom de ynskjer å låna dåpskjole, kan de kontakta oss på e-post post.voss@kyrkja.no eller tlf. 56 52 38 80.

Kjolen kan prøvast på kyrkjekontoret, og utlånet gjeld på sjølve seremonien i kyrkja. Me tek oss av klargjering i forkant og vask/rens i etterkant.

Meir informasjon om dåp finn de på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp.

Velkomne til dåp!



Gravplass i Voss



Foto: Torstein Kiserud / Den norske kyrkja

Ikkje lenger høve til å oppretta nye gravstelfond

Ordninga der ein kan opprette fond for stell og vedlikehald av graver vert avslutta. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har oppsyn med gravferdsmynde over heile landet, og opplyser at ordninga bør avviklast. Bakgrunnen er at dei tidlegare vanlege løysingane for betalt stell på gravplassar, ikkje svarar til dei sentrale lovane og føresegnene om fond/legat. Dei er meint for andre tilhøve i samfunnet. Dersom ein ynskjer å setje av midlar til framtidig stell, vedlikehald og festeavgift, må dette ordnast privat.

Nye fond vert ikkje oppretta. Dei fonda som alt er oppretta, held fram som før. Når fonda vert tømde, kan ein gjere dei om til ein stellavtale med årleg fakturering om ein ynskjer det.

Vil du vera med på
ein spleiselag for å
få opp att ljosekrona
i Vangskyrkja?

Mange har etterlyst om ikkje ljosekrona i skipet i Vangskyrkja kan hengjast opp att. Krona vart teken ned då det viste seg at nokre av armane var lause – ja, ein av armane datt faktisk ned. Fellesrådet – som har ansvaret for Vangskyrkja – har ikkje sett seg i stand til å finansiera kostnaden med å få ljosekrona på plass att.

Difor set soknerådet i gang ein innsamlingsaksjon for å få dette gjort. Kostnaden er ikkje svært stor – ca. kr 20 000. Det må leigast lift eller stillas for å hengja opp krona, det skal setjast inn led-ljos i stakane og krona skal sikrast slik at armane ikkje fell ned att.

Dersom du kan tenkja deg å bidra til dette,
ber vi om at du betalar inn det du ynskjer til konto
3480.30.84647 (Voss Sparebank) eller
9581.13.11147 (Vekselbanken).

Ver gild å merkja innbetalinga med Ljosekrone.

Kyrkjeverja

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

29.03.2025	Magnus Kvåle Noah Vinje Olai Haukås Ure Haylie Jing Canillo Helsen Signi Igland Hårklaue Joar Ringheim Bjånes Oline Gullbrå Haugo Alma Midtbø Wahl
30.03.2025	Synne Bidne
06.04.2025	Erling Jordalen Magnus Garlid Hydle Herman Kunnas Slettemark Sondre Godøe Magnus Draugsvoll Kløve Eline Fretheim Grov Nils Lid Kaldenbach Josefine Lund Nedkvitne

Voss sokn:

08.04.2025	Anve Osa Haugo Jakob Arnfinn Rekve Ødegård
20.04.2025	Martin Kvarme Frida Midtun
03.05.2025	Annie Isabella Potter

Vinje sokn:

16.03.2025	Henrik Kvarme Hommedal
27.04.2025	Tiril Hirth Sæbø Even Klette Abrahamsen

Granvin sokn:

13.03.2025	Noah Beggevik Møster
06.04.2025	Frøya Skretting Ørnes
04.05.2025	Signe Foshaugen-Kalsaas

VIGDE

Oppheim sokn:

10.05.2025	Monica Soltvedt Seim og Eirik Bidne
------------	-------------------------------------

Granvin sokn:

10.05.2025	Martine Fornes og Elias Sandnes
------------	---------------------------------

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

17.02.25	Morten Andreas Hem	1950
01.03.25	Aud Tryti	1945
02.03.25	Oddfred Norvald Didriksen	1936
10.03.25	Anna Hamre	1931
13.03.25	Bjarne Akselberg	1936
15.03.25	Anna Kronstad	1926
26.03.25	Martha Faaberg	1936
28.03.25	Karsten Skeie	1971
30.03.25	Baard Martin Time	1963
30.03.25	Marta Bakketun Vinsand	1940
31.03.05	Ingeborg Dugstad Tøn	1961
03.04.25	Gunnar Monsen	1948
04.04.25	Erike Gisubizo	2013
08.04.25	Inga Reime Løno	1947
09.04.25	Henry Dregelid	1939

Voss sokn:

13.04.25	Solveig Walberg Bjørnstad	1949
22.04.25	Målfrid Grjotland	1932
23.04.25	Berit Synøve Mandelid	1928
28.04.25	Kåre Anton Herfindal	1936

Evanger og Bolstad sokn:

15.10.24	Sigfred Århus	1934
15.03.25	Lars Audun Vassenden	1928
31.03.25	Borgny Brekkhus	1927

Granvin sokn:

12.03.25	Johannes Linga	1930
----------	----------------	------

Oppheim sokn:

08.03.25	Kjellaug Hegland Løen	1946
----------	-----------------------	------

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

- 15.06. kl. 15.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.
Basar.
27.07. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/ Kvamsøe.
07.09. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Hope.

Evanger kyrkje:

- 13.07. kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.
24.08. kl. 15.00 Kyrkjelydstur til Bjørndalen.

Oppheim kyrkje:

- 15.06. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og
nattverd v/Øystese.
29.06. kl. 11.00 **Jordalen kapell:** Gudsteneste med
nattverd v/Øystese.
10.08. kl. 11.00 Gudsteneste.
07.09. kl. 11.00 Gudsteneste.

Vinje kyrkje:

- 08.06. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og
nattverd v/Skulaberg.
17.08. kl. 11.00 Gudsteneste.
24.08. kl. 11.00 **Tjødnarhovden:** Stølsmesse med
konfirmantpresentasjon.

Raundalskyrkja:

- 22.06. kl. 15.00 **Skiple gamle kyrkjegard:**
Skiplestemna. Friluftsandakt v/Øystese.
27.07. kl. 11.00 **Mjølfjell kapell:** Olsokgudsteneste.
14.09. kl. 11.00 Gudsteneste.

Vangskyrkja:

- 08.06. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og
nattverd v/Tesdal.
09.06. kl. 16.00 **Ved Prestegarden:** Friluftsgudsteneste
v/Leksbø. Vossagospel deltek.
15.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
22.06. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
29.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
06.07. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd v/Küspert.
13.07. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd
v/Küspert.
13.07. kl. 16.00 **Hamlagrø bedehus:** Gudsteneste
v/Küspert.
20.07. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Hellesøy.
27.07. kl. 11.00 **Krossaset:** Friluftsgudsteneste v/Leksbø.
03.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
10.08. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.
17.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
24.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
31.08. kl. 11.00 **Vonheim:** Familiegudsteneste med
nattverd v/Küspert.
07.09. kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmant-
presentasjon v/Küspert og Leksbø.
14.09. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert.
Søndagsskule.

Granvin kyrkje:

- 13.07. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med
nattverd v/Ulvik.
24.08. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.
07.09. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med
nattverd v/Ulvik.

Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!
Følg med i avis Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no.